



Hallgrim Storbekkrønning Andersen
Seimsstranda 414
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4131 - 17/25169

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
06.09.2017

Pålegg om stopp i arbeidet - gbnr 176/3 Spurkeland

Administrativt vedtak. Saknr: 407/17

Tiltakshavar: Hallgrim Storbekkrønning Andersen

Heimelshavar: Hallgrim Storbekkrønning Andersen og Astrid Skaar Andersen

Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

Saka gjeld

Lindås kommune er gjort kjent med at det er utført arbeid med innreiing av veterinærkontor utan at det føretaket som er registrert med ansvar i byggesaka har medvirka. Sjå vedlagte dokument frå G.Hindenes Bygg & Rehabilitering. Dersom arbeidet skal halda fram, må eit nytt kvalifisert føretak senda inn **erklæring om ansvarsrett for søkar, prosjekterande og utførande**.

Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedsregisteret til grunn at de er eigarar av eigedommen. Det er eigars ansvar å syta for at reglane i plan- og bygningslova (pbl) vert halde.

Førehandsvarsel

Pålegget er ikkje førehandsvarsla med heimel i pbl. § 32-4:

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

VURDERING

Kommunen vurderer saka som godt nok opplyst, jf. forvaltningslova § 17(1), og saka vert handsama etter dei opplysningar som ligg føre.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet.

Vidare arbeid må ikkje utførast og lokala må ikkje takast i bruk før nytt ansvarleg føretak er registrert på saka og ferdigattat eller mellombels bruksløyve ligg føre

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Opphør av ansvarsrett gbnr 176/3 Spurkeland
Merknad

Kopi til:

G.Hindenes Bygg & Rehabilitering	Ikeland 26	5912	SEIM
----------------------------------	------------	------	------

Mottakarar:

Astrid Skaar Andersen	Seimsstranda 414	5912	SEIM
Hallgrim Storbekkrønning Andersen	Seimsstranda 414	5912	SEIM